



Både son, Adrian, og mor, Gro Heidi, gjer ein svært viktig jobb for Handverksmessa.

Den tradisjonsrike Handverksmessa i Jondal starta i dag og held fram med eit fyldig program og mange interessanne utstillarar heile helga. Det er i år 30 år sidan denne messa som vektlegg kvalitet så høgt, vart arrangert for første gang. Messa i år er nr.16 i rekkja, og den utflytta Uskedalsjenta Gro Heidi Molland har ansvar for PR og informasjon.

Då uskedalsida besøkte Jondalsmessa under opninga fredag, var Gro Heidi Molland svært så travelt opptatt på messekontoret. Som ein av eit styre på 4 medlemmer, og ansvarleg for PR og informasjon, er det mykje å hengja fingrane i både under planlegginga og på sjølve messedagane. Det kjem godt med at ho har erfaring frå den førre messa vart arrangert for 2 år sidan.

Å vera redaktør for messeavisa som vert sendt ut til eit stort område, m.a. Kvinnherad, fell også inn under hennar ansvarsområde. I den samanhengen drar ho stor nytte av både utdanning og yrkeserfaring innan media. Vi nemner at ho har bakgrunn som redaktør for nettavisa innsida.no og som journalist i Hardanger Folkeblad. No har ho ein tredelt jobb i Jondal kommune. Ho er nemleg byggjesakshandsamar og MOT-informatør i tillegg til at ho jobbar på tenestetorget i kommunen.

Gro Heidi flytta til Jondal i 2005, og denne helga har ho det travelt og kjekt saman med mange sambygdingar som jobbar som frivillige for Handverksmessa. Ein av dei er eldste sonen hennar, Adrian K. Hus Åsen som har mormor i Uskedalen og far frå Husnes.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland